

9
9.10.2004

Miljøverndepartementet
Miljøvernminister: Knut Arild Hareide

KONGELEG RESOLUSJON

Ref.nr.:
Saksnr:
Dato:

VERNEPLAN FOR BLEIA NATURRESERVAT I LÆRDAL KOMMUNE OG BLEIA – STOREBOTNEN LANDSKAPS-VERNOMRÅDE I KOMMUNANE AURLAND OG LÆRDAL I SOGN OG FJORDANE FYLKE.

1 FRAMLEGG

Miljøverndepartementet legg med dette fram forslag om verneplan for Bleia naturreservat og Bleia - Storebotnen landskapsvernområde. Planen omfattar oppretting av:

- **Bleia naturreservat** på 21,8 km² i Lærdal kommune i Sogn og Fjordane fylke
- **Bleia - Storebotnen landskapsvernområde** på 66 km², derav 5 km² sjøareal, i Aurland og Lærdal kommunar i Sogn og Fjordane fylke

Framlegget til Bleia - Storebotnen landskapsvernområde grensar til Nærøyfjorden landskapsvernområde og Nordheimsdalen naturreservat, slik at det vert eit samanhengjande verneområde frå Grånosmyrane naturreservat og Grindafletene i Nærøyfjorden landskapsvernområde i sør, til Bleia naturreservat i nord. Til saman utgjer dei samanhengjande verneområda omlag 681 km², av dette er omlag 34 km² sjø/fjord, dvs. omlag 647 km² landareal. Av dette er omlag 98 km² statsgrunn (statsallmenning).

1.1 Heimelsgrunnlaget

Det føreslårte Bleia naturreservat er eit område både med "tilnærmet urørt natur" og utgjer ein "spesiell naturtype". I tillegg har området ein "vitenskapelig verdi" og "skiller seg ut med sin egenart". På denne bakgrunn gjer ein framlegg om å freda området med heimel i naturvernloven § 8.

Det føreslårte Bleia – Storebotnen landskapsvernområde er eit storslått fjordlandskap med "egenartet natur – og kulturlandskap" gjennom sin kvartærgeologi, botanikk og fauna. I tillegg finst det urskogprega skog og området vurderast som så verdfullt at ein gjer framlegg om å verna området med heimel i naturvernloven § 5.

1.2 Særskilt om områdas verneverdiar

Dei største naturverdiane i Bleia naturreservat er knytt til lokaliteten for urvalmue (*Papaver radicatum ssp. relictum*) og det særmerkte fjordlandskapet som òg utgjer eit botanisk og urskogprega verdfullt område. Sjølv om fleire landformer langs Sognefjorden kan likne, har ingen dei same store dimensjonane som i Bleia, og dei er heller ikkje så varierte. Bleia er med sine storslåtte former eit sentralt og lett gjenkjenneleg landskap og landemerke i Sognefjorden, og eit fjell som mange menneske

har eit sterkt forhold til. Lokaliteten med urvalmue (*Papaver radicatum ssp. relictum*), som berre har ein annan veksestad i landet (Helin i Valdres), gjer området nord for Bleia svært botanisk interessant og av stor vitskapleg verdi. Innanfor grensene for naturreservatet finst ein del gamal furuskog og område som er uvanleg lite kulturpåverka og med kvalitetar fullt på høgde med allereie oppretta barskogreservat i indre Sogn. I og ved Hausagjelet er det saman med gamal furuskog og kalkfuruskog gjort registreringar av fleire raudlisteartar av sopp og lav

I Bleia – Storebotnen landskapsvernområde ligg dei største verdiene i det storslattede fjordlandskapet med eit eigenarta natur – og kulturlandskap" med sin kvartærgeologi, botanikk og fauna. I framlegget til landskapsvernområde finst urskogprega skog med særmerkte tre, m.a. ved Kristenkamben

Heile planområdet har stor verdi for jakt og særleg landskapsvernområdet og toppen av Bleia har stor verdi for friluftsliv. Landskapsvernområdet har også verdi for fiske. Innanfor verneplanområdet er i underkant av 3 km² villmarksprega område.

Bergrunnen i området er i hovudsak anertosittiske bergartar, med nokre innslag av fyllitt. Anertositt i bergrunnen gjev utslag i nøysam vegetasjon. Stadvis finst likevel band med fyllitt der kravfulle fjellplanter som t.d. fjellkvitkurle, fjellfiol og reinrose trivst. Reinroseheier finst fleire stader.

Talrike kulturminne viser spor etter jakt, fangst og fangstanlegg, og stølsdrift. Desse kulturminna inngår i eit særprega fjellandskap. Dyregraver er registrert ved/i Drøfteskardet, ved Høgdavatnet og sør aust for Erterhaug. Ein stol, Nordheimsdalstolen, ligg i utkanten av framlegget til landskapsvernområde.

1.3 Andre interesser

Området er viktig for reiselivet, både mot Aurlandsfjorden og Bleia som eit storslatt fjell i fjordlandskapet. I tillegg står friluftsliv, jakt og fiske sentralt. Det går ein 300 kV kraftlinje gjennom landskapsvernområdet, og det kan vere aktuelt å føre fleire linjer parallelt etter same trasé. Bergarten anertositt er gjennomgåande i området, men er av ein annan kvalitet enn i Nærøyfjorden/Gudvangen. Det er skogressursar i lia aust for Instegjelet over Indre Frønningen.

1.3.1 Motorferdsel

Det føregår noko motorferdsel i framlegget til landskapsvernområde, m.a. i tilknyting til Statnett sitt tilsyn med 300 kV-kraftlinja gjennom landskapsvernområdet, oftest med snøskuter, av og til med helikopter. Aurland fjellstyre har snøskutertransport av materialar og utstyr til fjellstyrehytta i Storebotnen, saman med frakt av saltsteinar for sauebeitinga om sommaren. Villreinoppsynet nyttar snøskuter om vinteren, og helikopter/fly 3 gonger i året for teljing og registrering av villreinstamma i området.

Ein mindre del av innmarka på indre Frønningen ligg i framlegget til naturreservat, men det er i verneforskrifta lagt inn at vernereglane ikkje skal vere til hinder for naudsynt motorferdsel for slått av innmarka.

1.3.2 Forsvarets interesser

Verneområda ligg utanfor dei administrative grensene til Mjølfjell skyte- og øvingsfelt, men er ein del av Forsvaret sin lågtflygingsstruktur. Forskriftene er opna for at forbodet

mot lågtflyging ikkje gjeld militær lågtflyging. Dette er og i samsvar med forskriften for Nærøyfjorden landskapsvernområde som grenser inntil dei framlagde verneområda.

1.3.3 Jakt og fiske

Verneframlegget legg ikkje opp til andre reglar for jakt og fiske enn det som vert regulert av viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og saltvassfiskelova.

Det er gjort ein god del fiskekultiveringstiltak i området, og det er difor lagt inn i verneforskrifta for landskapsvernområdet at det kan gjevast løyve til fiskekultiveringstiltak og kalking av fiskevatn (forsuring er ikkje problem i dag).

1.3.4 Havbruk

Føremålet med dei føreslårte verneområda er å ta vare på eit eigenarta landskap frå fjord til fjell. 5 km² sjøareal vert omfatta av det føreslårte landskapsvernområdet. Arealet grensar inntil Nærøyfjorden landskapsvernområde og har naturleg samanheng med dette. Her er det forbod med oppdrettsverksemrd. Sjøareaala inngår som ein naturleg del av 1 andskapsbiletet for heile verneområdet og det er difor ønskjeleg å halde dette fritt for oppdrettsanlegg. Det ses og som ein fordel at heile området som er med i verdsarvsøknaden har dei same reglane når det gjeld oppdrettsverksemrd.

1.3.5 Bygningar

Det er i dag 6 hytter og naust i dei føreslårte verneområda. Det er ikkje noko som pr. i dag tilseier at det vil vere aktuelt med oppføring av bygningar i samband med landbruk eller turlagsverksemrd.

1.3.6 Jordbruk

Grunneigarane i Vindedal har beiterettar i Lærdal vestre statsallmenning. Grunneigarane på Breisnes og på Frønningen har beiterettar i Aurland nordre statsallmenning. Brukaren på Breisnes har i dag ikkje beitedyr. Det kjem inn noko sau frå Frønningen og frå tilgrensande område i Aurland og frå Erdal, slik at det beitar noko sau lengst vest og lengst aust i Aurland nordre statsallmenning. Berre unntaksvis er det beitedyr innafor det føreslegne naturreservatet, då frå Frønningen.

På Nordheimsdalstolen var det støling med mjølkegeiter fram til utpå 1980-talet. Alle gardsbruk i Aurland og Aurlandsdalen har elles beiterett i Aurland statsallmenning.

1.3.7 Skogbruk

Skogen er uvanleg lite påverka av hogst, både i naturreservatet og i landskapsvernområdet. Grunneigar Vilhelm Rumohr har registreringar som syner at omlag 8000m³ furu og 4000m³ lauvtre kan hoggast i lia over indre Frønningen (naturreservatet). Ei slik uthogging vil krevje vegbygging inn i området. Skogen inneheld store kvalitetar på høgde med allereie oppretta barskogreservat i Indre Sogn.

Vilhelm Rumohr har også teke opp høvet til å ta ut einskilde tre i det same området med helikopter, fordi det finst ein viss marknad for spesialvirke. Det vil då vere dei største, eldste og mest markante trea som vil verte tekne ut.

I landskapsvernområdet er det ein god del urskogprega skog både oppe på platået m.a. kring Kristenkamben og langs fjorden. Fordi det gjeld skog med urskogpreg med mange store og dekorative tre, og fordi mykje av skogen er godt synleg i terrenget og pregar

landskapet, har referansegruppa gått inn for at hogstflater som det kan gjevast løyve til å hogge skal vere små (1 da), og at særmerkte, dekorative og daude tre som vesentleg pregar skogsbygget ikkje skal hoggast. Verneframlegget følgjer tilrådinga frå referansegruppa.

1.3.8 Vasskraftregulering og kraftlinjer

Det går ei kraftlinje (300 kV) gjennom landskapsvernombordet. Linja er eit av hovudsambanda mellom Aust- og Vestlandet. I forskrifa for landskapsvernombordet er det presisert at vernet ikkje er til hinder for drifta av kraftlinjene.

Innanfor dei føreslegne verneområda har Vilhelm Rumohr lagt fram at det i framtida kan vere aktuelt å byggje eit kraftverk i Ytste Drøfta. Eit slikt kraftverksprosjekt vil vere vanskeleg å gjennomføre pga rasaktiviteten i området, prosjektet vil samstundes vere svært konfliktfylt i høve til naturkvalitetane og naturtilhøva i området.

1.3.9 Mineralressursar og bergverksdrift

Bleiaområdet er registrert som anortosittførekomst. Bleia-førekomsten er av ein annan kvalitet enn den aktuelle førekomsten i Nærøydalen. Bergverksdrift vil kunne kome i konflikt med verdsarvstatus for området.

Det er peika på at det i området kan vere aktuelt å gjere geologiske granskingar for å kartleggje naturstein som ressurs. Dersom dette blir aktuelt kan det gjevast løyve til dette gjennom dispensasjonsreglane i forskriftene, § 4 i forskrifa for landskapsvernombordet og § 6 i forskrifa for naturreservatet.

2 SAKSHANDSAMING

2.1 Bakgrunn

Stortingsmelding nr. 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Noreg" (nasjonalparkmeldinga) dannar bakgrunn for verneplanarbeidet i Bleiaområdet. Stortinget slutta seg til framlegget i stortingsmeldinga om at det ikkje skulle vidareførast eit eige verneframlegg som del av landsplanen. Derimot vart det m.a. tilrådd at det skulle oppretta eit større naturreservat på nordsida av Bleia for å sikre veksestadene for den sjeldne urvalmuen (*Papaver radicatum ssp.relictum*) og det særmerkte fjordlandskapet ved Bleia.

Miljøverndepartementet nominerte i eit brev av 01.10.2002 til UNESCO Vestnorsk Fjordlandskap med delområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden til verdsarvlista (World Heritage List).

I tilknyting til arbeidet med opprettning av eit verdsarvområde kring Nærøyfjorden i februar 2003 kom det opp eit framlegg om å binde saman eit naturreservat på nordsida av Bleia med Nærøyfjorden landskapsvernombordet og Nordheimsdalen naturreservat med eit landskapsvernombordet på statsallmenningane i området. Det særmerkte fjordlandskapet ved Bleia er ein del av delområde Nærøyfjorden i søknaden til UNESCO om verdsarvstatus for "Vestnorsk Fjordlandskap", som omfattar Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Status som verdsarvområde heng svært høgt internasjonalt og vil vere viktig i reiselivssamanheng, gje auka moglegheiter for naturbasert næringsutvikling og bli viktig for produktprofilering.

2.2 Sakshandsaming

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vore ansvarleg for gjennomføringa av planen. Førehandsmelding om oppstart og ei invitasjon til eit møte om verneplanarbeidet kring Bleia blei send ut 14.februar 2003 til Lærdal og Aurland kommunar. Møtet blei avholdt 28.februar 2003 i etterkant av eit møte om verdsarv i Nærøyfjorden arrangert av Direktoratet for naturforvaltning.

På møtet 28.02.2003 gav representantane frå Aurland og Lærdal kommunar tilslutnad til at fylkesmannen arbeidde vidare med å få til ei samanbinding i form av eit landskapsvernombraðe på statsallmenningane i Aurland og Lærdal for å binde saman eit Bleia naturreservat med Nærøyfjorden landskapsvernombraðe og Nordheimsdalen naturreservat.

Melding om oppstart av arbeidet med ein verneplan for Bleia naturreservat og eit landskapsvernombraðe sør for dette blei send ut 30. mars 2003. Verneforsлага vart send på felles lokal og sentral høyring 10. juli 2003.

Ei referansegruppe med representantar frå Lærdal kommune, Lærdal fjellstyre, Aurland kommune, Aurland fjellstyre og fylkeskommunen, vart etablert i mai same år. Gruppa har hatt ei rådgjevande rolle ovanfor fylkesmannen.

Direktoratet for naturforvaltning mottok planen 18. november 2003. Norskog og Vilhelm Rumohr ønskte møte med direktoratet, og dette vart halde 24. februar 2004. Kommunane og grunneigarane vart orientert om direktoratet sin tilråding i møte 11. mars 2004.

Miljøverndepartementet hadde møte med Norskog og Vilhelm Ruhmor 12. mai 2004.

Storleiken på områda det er gjort framlegg om å verne, gjer at det ikkje krevjast konsekvensutgreiing i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova. Gjennom høyringa har dei ulike samfunnsinteressene kome med sine merknader til verneframlegget, og det er gjort ei brei vurdering av andre interesser i områda opp mot verneinteressene. Eksisterande bruk vil i det alt vesentlege kunne halde fram. Avveging mellom bruk og vern har ført til endringar i verneregler og avgrensing. Såleis er verneframlegget tilpassa m.a. næringsinteressene i områda. Det er ikkje avdekka konsekvensar som krev ytterlegare utredningar av samfunnsinteresser i samsvar med Utredningsinstruksen pkt 2.3.2.

3 VIKTIGE ENDRINGAR UNDER PLANPROSESSEN

3.1 Avgrensing

Frå meldinga om oppstart av arbeidet med ein verneplan for Bleia vart sendt ut til høyringsframlegget, vart naturreservatet auka i aust med ein del av statsallmenningen i området fordi det var registrert store botaniske verneverdiar her i samband med biologisk mangfaldkartlegginga i Lærdal kommune.

Det er ikkje gjort endringar i grensene etter høyringsframlegget, slik at grensene som vart sendt på høyring er dei same grensene som no vert tilrådd både for Bleia naturreservat og for Bleia - Storebotnen landskapsvernombraðe.

3.2 Forskrifter

På bakgrunn av høyningsfråsega og anna sakhandsaming er det gjort enkelte endringar i forskriftene. Alle endringane er omtalte under "Merknader til verneforskrifter" i kap 6.6.

4 FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

Ved Miljøverndepartementet sitt brev av 25.06.1998 er Direktoratet for naturforvaltning gitt mynde til å fastsette kven som skal vere forvaltningsstyremakt for verneområda. I brev av 26.oktober1998 opna DN for at kommunane kan søkje om forvaltningsansvaret for m.a. naturreservat og landskapsvernombord.

Norskog krev at opprettinga av landskapsvernombordet må utstå til det ligg føre ei avklaring om erstatning for landskapsvernombord. Norskog og grunneigar Vilhelm Rumohr er kritiske til at dei berørte grunneigarane ikkje er representerte i eit lokalt forvaltningsorgan for vernombord.

Fylkesmannen går inn for at forvaltning av området vert samordna med Nærøyfjorden landskapsvernombord. Kommunane bør få tilbod om å vere forvaltningsstyresmakt. Dersom kommunane ikkje ønskjer ei slik rolle, bør forvaltningsansvaret liggje til fylkesmannen. Alle verneområda i verdsarvområdet for Nærøyfjorden bør ha same nivå (kommune/fylkesmann) på forvaltningsansvaret.

Fylkesmannen meiner at det bør opprettast eit felles rådgivande utval for Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia naturreservat, Bleia - Storebotnen landskapsvernombord, Nordheimsdalen naturreservat og Grånosmyrane naturreservat. Det vil vere naturleg at fjellstyra er representerte her. Det rådgivande utvalet må sjåast i samanheng med utvalet som vil bli oppretta for verdsarvområdet i Nærøyfjorden dersom verdsarvstatus vert vedteke av UNESCO.

Fylkesmannen syner til at arbeidet med ein forvaltningsplan er sett i gong i 2003 i samband med søknaden om verdsarv for Nærøyfjordområdet inkludert verneområda kring Bleia. Fjellstyra er trekt inn i arbeidet med forvaltningsplanen.

Direktoratet for naturforvaltning syner til at ein forvaltningsplan er eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneformålet. Forvaltningsplanen skal gje konkrete retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging m.m., og skal sikre forvaltningsstyremakta ein samla oversikt over aktuelle tiltak innan for verneområda. Ein forvaltningsplan bør utarbeidast snarast råd etter vedtaket. Alle relevante aktørar bør trekkast inn i dette arbeidet. Det vil vere behov for økonomiske midlar til oppsyn og for å ta vare på kulturminne, kulturlandskap og til naudsynte informasjons- og tilretteleggingstiltak i tilknyting til dei føreslegne verneområda. DN støtter fylkesmannens tilråing om at alle verneområda i verdsarvområdet for Nærøyfjorden bør ha same nivå (kommune/fylkesmann) på forvaltningsansvaret.

DN vil tilrå at mynde til å forvalte forskriftene for landskapsvernombordet gis til Aurland og Lærdal kommunar. For naturreservatet tilrår DN at Lærdal kommune blir forvaltningsstyresmakt. Dersom kommunane ikkje er interesserte i dette tilrår DN at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane blir forvaltningsstyresmakt.

DN meiner at det kan vere føremålstenleg å opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av verneområda. Eit slikt utval vil ikkje ha formell mynde for forvaltninga av verneforskriftene, men vil kunne gje nyttige råd til forvalningsstyremakta. Det er viktig at lokalsamfunnet trekkast aktivt med i forvaltninga, og oppretting av eit rådgjevande utval vil vere eit av fleire tiltak i denne samanheng.

Når det gjeld spørsmålet om økonomisk kompensasjon som følgje av vern, viser DN til dei ordinære erstatningsordningane.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet sitt framlegg til organisering av forvaltninga. MD presiserer på bakgrunn av kommentar frå Finansdepartementet at alle kostnader, innbefatta økte kostnader knytta til eventuelle nye erstatningsreglar, dekkast innafor MD sin til ein kvar tid gjeldande budsjetttrammer.

Bleia naturreservat og Bleia - Storebotnen landskapsvernombord ligg inne som ein del av området som er med i regjeringa sin søknad til UNESCO om verdsarvstatus for "Vestnorsk Fjordlandskap", som m.a. omfattar Nærøyfjorden. Status som verdsarvområde heng svært høgt internasjonalt og vil vere viktig i m.a. reiselivssamanhang, gje auka moglegheiter for naturbasert næringsutvikling og bli viktig for produktprofiling.

Ein syner og til kap 6.5 for ein meir detaljert omtale av forvaltninga av verneområda.

5 HØYRING

Det vart gjennomført ei felles lokal og sentral høyring. I alt 162 instansar lokalt, på fylkesnivå og nasjonalt nivå fekk verneframlegget til uttale. 31 instansar gav uttale. I tillegg var det 3 instansar (1 grunneigar, Bergvesenet og Statens Vegvesen) som gav fråsagn i meldingsfasen, men ikkje ved høyringa.

Desse sentrale høyringsinstansane fekk planen til høyring:

Landbruks- og matdepartementet, Kommunenes sentralforbund, Forsvarsbygg, Fiskeridirektoratet, Statens Kartverk, Statens namnekonsulentar for Vestlandet, Riksantikvaren, Bergvesenet, Norges Geologiske Undersøkelser, Telenor, Jernbaneverket, Avinor AS, Luftfartstilsynet, Vegdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog, Statens kulturminneråd, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norskog, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Fjellstypesamband, Norges Fiskarlag, FHL Havbruk, SAS Norge, Avd. for helse, miljø og sikkerhet, Braathen Flyselskap, Widerøe Flyselskap A/S, Norsk Aeroklubb, Norges Luftsportsforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Botanisk Forening, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Verdens Naturfond, FORF - Frivillige organisasjoner redningsfaglige forum, Den Norske Turistforening, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Norsk Geologiråd, NGU, Norges Idrettsforbund, Norges Orienteringsforbund, Prosessindustriens landsforbund, Fortidsminneforeningen, Kulturvernets fellesorganisasjon, Norges Turistråd, Reiselivsbedriftenes landsforening, Transportbedriftenes Landsforening, Foreningen våre rovdyr, Fremtiden i våre hender, Greenpeace Norge, Miljøstiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Norges Miljøvernforbund, Norges Velforbund, Norsk Allmenningsforbund, Norsk limnologforening, Villreinrådet i Norge, SABIMA, Norsk Biologiforening, Fiskerinærings Landsforening, Norges Kystfiskarlag, Det Kgl. Selskap for Norges Vel, Utmarkskommunenes sammenslutning, SKOGFORSK, JORDFORSK, Norsk

Institutt for Vannforskning, Stiftelsen for naturforskning og kulturminneforskning, Universitetet i Bergen, Norges Landbrukskole, NTNU Vitenskapsmuseet, Norsk Fiskerihøgskole, Norsk institutt for fiskeri- og havbruksforskning, Havforskningsinstituttet

Aktuelle departement har fått utkastet til kgl.res. med verneforskrifter på førelegging.

6 GENERELLE MERKNADER TIL VERNEFRAMLEGGAA

Aurland kommune, Lærdal kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune går inn for at framlegg til Bleia naturreservat og Bleia – Storebotnen landskapsvernområde blir oppretta. For meir detaljerte merknader vises det til dei påfylgjande kapittel.

6.1 Om vernet og planprosessen

Ingen høringsinstansar har gått mot vern av området. 6 høringsinstansar; Sogn og Fjordane Fiskarlag, Avinor, Jernbaneverket, Norges Fiskarlag, Norges Fiskerihøgskule og Reiselivsbedriftenes Landsforening har ingen merknader. Private grunneigarar ønskjer å avgrense naturreservatet på sin eigedom. Følgjande instansar uttrykker direkte støtte til verneframlegga: Aurland kommune, Lærdal kommune, Den Norske Turistforening (DNT), Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Frønningen Grendalag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane Turlag, Universitetet i Bergen. I tillegg har Aurland fjellstyre og Lærdal fjellstyre gjennom deltaking i referansegruppa gjeve si tilslutning til verneframlegget.

Norges Fjellstypesamband saknar ei evaluering av konsekvensane av å innføre vern sett i forhold til lokal næringsverksemeld. Ei slik evaluering bør gjennomførast t.d. 10 år etter vernevedtak. Dette gjeld særleg for landskapsvernområde i samband med landbruksdrift.

Norskog ber om at opprettinga av landskapsvernområdet må utstå til det ligg føre ei avklaring på erstatningsreglar for landskapsvernområde. Vilhelm Rumohr og Norskog tek opp at verdsarvsøknaden ikkje må forserre prosessen/ein må bruke meir tid på verneprosessen.

Fylkesmannen syner til arbeidet med ein forvaltningsplan for verdsarvområdet kring Nærøyfjorden (oppstart 2003), der også verneområda kring Bleia inngår. Forvaltningsplanar vil vanlegvis gjelde i 10 år. Når det gjeld verneframlegget/høyringa baserer dette seg på erstatningsreglane som gjeld i dag, og går såleis ikkje nærrare inn på dette spørsmålet. Høyringsfristane har vore nær det dobbelte av minimum i naturvernlova. At det kjem ein verneplan for Bleia naturreservat har vidare vore kjend sidan St. meld. nr. 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og nye større verneområder" vart framlagt.

DN syner til at området er for lite til at det er krav om konsekvensutgreiing. Gjennom arbeidet med høringsdokumentet og forvaltningsplanen vil dei ulike verksemndene innafor verneområdet bli omtalt. Forvaltningsplan vil vere eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneformålet. Direktoratet viser til dei ordinære erstatningsordningane når det gjeld spørsmålet om økonomisk kompensasjon som følge av vern. DN opplyser om at erstatningsreglane i samband med oppretting av nasjonalparkar og landskapsvernområde vert vurdert som ein del av arbeidet i

Biomangfoldlovutvalget. Innstillinga frå utvalet skal ligge føre sommaren 2004. Verneplanprosessen har for elles følgt dei retningslinene og krava som er satt ved slike prosessar. Det er og halde eigne møter med grunneigar Rumohr for å få innspel om planar for området.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet og syner til at verneframlegget ikkje er av ein slik storleik at ein må konsekvensutgreie det i samsvar med reglane i plan- og bygningslova. UNESCO stiller krav om at deler av området i verdsarvsøknaden er verna. Det har difor vore eit ønskje frå kommunane å sette i gang verneplanprosessen for Bleiaområdet slik at vernestatus blir avklart før verdsarvsøknaden blir endeleg avgjort i 2005. Departementet syner til at verdsarvstatus i seg sjølv ikkje er eit tiltak som krev konsekvensutgreiing.

Departementet syner til at erstatningsordninga for m.a. landskapsvernområde no er til særskilt gransking. I fall det seinare blir gjort endringar i denne erstatningsordninga, vil den nye ordninga gjelde for landskapsvernområde som er oppretta etter 1. januar 2002.

Departementet syner til at i utgreiingane i løpet av verneplanprosessen skal dei ulike interessene i verneområdet ha blitt vurdert. Eit verneområde skal ta vare på verneverdiane i området, og dette skal liggje til grunn for utforminga av verneforskrifter. Dette må vurderast opp mot innkomne innspel og ønskjer frå høylingsinstansane. Miljøverndepartementet meiner dei forskriftene det er gjort framlegg om tek godt vare på området sine verneverdiar samstundes som dei ikkje legg vesentlege hindringar for næringsinteressene.

6.2 Om namn på verneområde

Verneframlegget vart sendt på høyring med namna "Bleia naturreservat" og "Bleia-Storebotnen landskapsvernområde". Under høyringa er det kome innspel frå Frønningen Grendalag om at namnet på landskapsvernområdet bør endrast til Bleia - Storebotn. Fylkesmannen vil, etter å ha samrådd seg med Aurland fjellstyre, tilrå at namnet bør vere Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, i tråd med namnebruken under høyringa og slik det står på kartet Sogndal 1:50 000 (M 711, 1417 III).

For Bleia naturreservat er det ikkje kome framlegg om endring, og fylkesmannen held fast ved namnet.

DN støtter fylkesmannen.

Miljøverndepartementet tilrår i samråd med Statens navnekonsulenter namnet "Bleia – Storebotnen landskapsvernområde".

6.3 Om verneverdiar og verdsarvstatus

Frønningen Grendalag peikar på at Bleia-området lenge har vore kjend som verneverdig i nasjonal målestokk. Ved å binde saman Bleia med Nærøyfjorden landskapsvernområde styrkar ein moglegheitene til å få området inn på UNESCO si verdsarvliste. Det vil skape eit unikt høve til å skape næringsutvikling. Lærdal kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane meiner at opprettning av naturreservat og landskapsvernområde og at dette området blir med på verdsarvlista vil vere svært viktig for reiselivet i området mellom anna gjennom auka moglegheiter for naturbasert næringsutvikling. Sogn og Fjordane Turlag ser det som viktig at verneområda legg grunnlaget for at Bleia-området kan bli del at eit

verdsarvområde. DNT meiner verneområda har nasjonale og internasjonale kvalitetar, og at heile området bør bli ein viktig del av UNESCO sitt verdsarvområde. Det er viktig å hindre nye inngrep som vegar, kraftlinjer og kraftverk inni verneområda; i naturreservatet må ein vere spesielt restriktiv. FRIFO peikar på at samfunnsutviklinga fører til sterkare press på naturen, slik at behovet for vern aukar, jf. at inngrepsfri natur er dramatisk redusert siste 100 år. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane ser verneframlegget for Bleia, som er det mest karakteristiske fjellet i fjordlandskapet i indre Sogn som positivt for Nærøyfjorden som verdsarvområde, og vil elles særleg framheve skogkvalitetane vest i naturreservatet. Universitetet i Bergen påpeikar at plantelivet synest ivaretake på ein god måte i verneframlegget, og at her finst lokalitetar av stor vitskapleg verdi. Vilhelm Rumohr meiner at verdsarvstatus og vern kan føre til auka merksemd og trafikk og vere uehdlig for områda.

Landbruks- og matdepartementet meiner det kan vere positivt for den vidare turistmessige utviklinga at det søker om verdsarvstatus for Nærøyfjorden som ein del av Vestnorsk fjordlandskap. Areala knytta til Bleia – Storebotnen vil medverke til viktige naturkvalitetar innafor eit slikt område.

Fylkesmannen meiner framlegget til Bleia naturreservat og Bleia – Storebotnen landskapsvernombordet femner om verneverdiar på nasjonalt og internasjonalt nivå, og at området utgjer ein viktig del av verdsarvområdet kring Nærøyfjorden. Det er viktig at det ikkje skjer inngrep som reduserer dei store kvalitetane i området. Verdsarvstatus vil vere viktig for reiselivet i området og for produktprofiling og for lokal stoltskap. Turismen og ferdsel i området må styrast gjennom kanalisering og tilrettelegging til dei områda der ferdsel ikkje fører til skade på naturmiljøet.

DN støtter fylkesmannen sine vurderingar. Direktoratet meiner at vern som landskapsvernombordet vil kunne styrke grunnlaget for miljøbasert næringsutvikling i randområda. Det er viktig at verneverdiene blir sikra, samstundes som brukarar og næringsaktørar, under her miljøbasert reiseliv, ikkje skal påførast unødige begrensningar. Ein vil samstundes gjere oppmerksam på at det er viktig for framtidig forvalting å balansere omsynet til lønnsam drift og utvikling av reiselivsnæringa og omsynet til å ivareta verneverdiene i området på lang sikt. DN meiner at planforslaget ikkje synes å vere til hinder for ei berekraftig utvikling av reiselivet i området, men ein vil presisere at bygging av nye anlegg og bygningar må skje utanfor verneområdet.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet.

6.4 Om avgrensinga

Ingen høyringsinstansar har merknader til grensene for landskapsvernombordet.

Frønningen Grendalag, Vilhelm Rumohr, Norskog og Fylkeslandbruksstyret ønskjer ei anna grense i vest for naturreservatet. Vilhelm Rumohr og Norskog kan akseptere ei grense som går lenger aust i Storeli (lia aust for Instegjelet), men ikkje trekt heilt bort til Ytste Drøfta, då det vil gjere at den viktigaste skogressursen ikkje vert med i verneområdet. Sogn og Fjordane fylkeskommune har bede om at det vert vurdert å trekke grensa utanom drivverdig skog, men føreset om det ikkje er aktuelt, at det vert gjeve erstatning for tap av framtidig inntekt. Fylkeslandbruksstyret ber om at grensa går i ei rett linje frå utløpet av Slumpen til utløpet av elva i Ytste Drøfta av omsyn til skogressursane i området. Frønningen Grendalag viser til grenseframlegg frå Vilhelm

Rumohr. Naturvernforbundet, Sogn og Fjordane Turlag og DNT peikar særskilt på at grensa i vest for naturreservatet for å få med ”foten” av Bleia er viktig. Lærdal kommune går inn for framlegget med den avgrensinga som var på høyring.

Private grunneigarar i Vindedalen ba i ei fråsegn i meldingsfasen om at deira eigedom ikkje vart med i naturreservatet (gjeld området kring Drøfteskardet aust i området) Fylkesmannen fann at Drøfteskardet bør med av omsyn til heilskapen i landskapet (dvs. den austre ”foten” av Bleia), og det er dessutan dyregraver i området.

Fylkesmannen vil peike på at lia over indre Frønningen, aust for Instegjelet (Storeli), har skogkvalitetar på høgde med Nordheimsdalens naturreservat, som truleg er det viktigaste barskogreservatet på Vestlandet. Området vil truleg uansett vere svært aktuelt i samband med utvida skogvern. I tillegg utgjer lia aust for Instegjelet vestre ”fot” av Bleia, noko som gjer at ein øydelegg heilskapen i landskapet dersom området ikkje vert med i naturreservatet. Dette vil truleg vere viktig for UNESCO si vurdering av Bleia som ein del av verdsarvområdet.

Fylkesmannen går på denne bakgrunnen inn for å halde på framlegget til grenser både for landskapsvernområdet og naturreservatet.

Landbruks- og matdepartementet meiner at omsynet til framleis skogbasert foredling og lokal verdiskaping bør tilseie ei grensjustering som føreslått av fylkeslandbruksstyret, dvs at grensa for naturreservatet vert trekt lenger mot aust. Dei seier at verdsarvstatus for området kan sikkert på sikt bidra til å auke inntekter fra naturbasert næring, men skogen framstår likevel som ein viktig og meir handfast ressurs.

Vilhelm Rumohr viste i møtet med DN eit forslag om grenseendring ved Ytste Drøfta for å kunne nytte området til jakt med bygging av jaktveg, uttak av skog, og for å kunne byggje opp att ei hytte i området. Framlegg om makeskiftet har og vore drøfta.

DN har vurdert innspela som har kome i prosessen og i møtet med Rumohr/Norskog, og materiell frå synfaringar som fylkesmannen har delteke på. Gjennom planprosessen har det kome fram at skogen i området har store verneverdiar. Ein ønskjer å ta vare på desse kvalitetane og i tillegg få med det karakteristiske landskapet som denne lia utgjer. Ein syner og til at grensa for verdsarvområdet vart lagt etter same grensepunkt. På grunn av dei store verdiane som ligg i skogen, både som landskapsbilde, store særmerkte tre, og med blant anna kvitryggspett som er klassifisert som ein sårbar art i "Raudlista", er det ikkje ønskjeleg med hogst i området. Ein vil peke på at jakt framleis kan skje i naturreservatet. For å betre legge til rette for jakt og atkomsten i området har ein i forskrifta opna for at det kan merkast og etablerast ein ny sti inne i naturreservatet.

DN støttar såleis fylkesmannen sine vurderingar. I St.meld nr. 25 (2002-2003) *Regeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* vert det også sagt at "Nasjonalparkplanen er planlagt sluttført i 2010 og omfatter i hovedsak fjellområder, men en del skog inngår i enkelte av verneforslagene. I mange tilfeller er Statskog grunneier, men private grunneiere kan bli berørt. I nasjonalpark-planen vil arronderingsmessige behov ofte være en viktig begrunnelse for at skog foreslås inkludert, men slik skog kan ha viktige biologiske verneverdier og kan da bidra til å oppfylle mangler ved skogvernet. Regeringen vil vektlegge at gjennomføringen av nasjonalparkplanen bør bidra til å dekke viktige mangler som er identifisert ved evalueringen av skogvernet."

Ved oppretting av naturreservat vil grunneigarane ha krav på erstatning for økonomisk tap som følge av vernevedtaket.

Miljøverndepartementet syner til at ved avgrensinga av verneområdet er det gjort ei grundig vurdering av verneverdiane og av andre samfunnsinteresser. Fylkesmannen har hatt fleire møter og synfaringar med berørte grunneigarar. DN har hatt eiga møte med Norskog og Vilhelm Rumohr 24. februar i år og eit tilrådingsmøte med kommunane 11. mars der grunneigarane òg var inviterte. Miljøverndepartementet hadde møte med Norskog og Vilhelm Rumohr 12. mai 2004. Departementet vil elles vise til at makeskifte er eit verkemiddel som blir brukt i samanheng med gjennomføringa av skogvernet. Sjølv om skogen i Bleia naturreservat er uvanleg lite påverka er verneformålet fyrst og fremst knytt til lokaliteten for urvalmue (*Papaver radicatum ssp. relictum*) og det særmerkte fjordlandskapet. Departementet viser difor til dei erstatningsregler som gjeld for økonomisk tap som følge av eit slik verne-vedtak.

6.5 Merknader om forvaltning av verneområda

6.5.1 Forvaltningsstyremakt og forvaltningsplan

Norges Fjellstyresamband meiner at lokal forvaltning er viktig. Fjellstyra er eit slikt lokalt apparat. Berørte fjellstyre bør få plass i rådgivande utval som skal medverke i forvaltning av området og bør få delta i arbeidet med å lage ein forvaltningsplan. Forvaltningsplan bør utarbeidast samstundes med verneplanen. DNT meiner at forvaltninga bør vere hos fylkesmannen pga nasjonalt viktige verneverdiar, samstundes må forvaltninga leggje opp til aktiv lokal medverknad. Vilhelm Rumohr synast det er uforklarleg kvifor ikkje grunneigarane skal vere representerte i det lokale forvaltningsorganet for verneområda.

Fylkesmannen går inn for at forvaltning av området vert samordna med Nærøyfjorden landskapsvernombord. Kommunane bør få tilbod om å vere forvaltningsstyremakt. Dersom kommunane ikkje ønskjer ei slik rolle, bør forvaltningsansvaret liggje til fylkesmannen. Alle verneområda i verdsarvområdet for Nærøyfjorden bør ha same nivå (kommune/fylkesmann) på forvaltningsansvaret. Fylkesmannen meiner at det bør opprettast eit felles rådgivande utval for Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia naturreservat, Bleia-Storebotnen landskaps-vernområde, Nordheimsdalen naturreservat og Grånosmyrane naturreservat. Det vil vere naturleg at fjellstyra er representerte her. Det rådgivande utvalet må sjåast i samanheng med utvalet som vil bli oppretta for verdsarvområdet i Nærøyfjorden dersom verdsarvstatus vert vedteke av UNESCO.

Fylkesmannen syner til at arbeidet med ein forvaltningsplan er sett i gong i 2003 i samband med søknaden om verdsarv for Nærøyfjordområdet inkludert verneområda kring Bleia. Fjellstyra er trekt inn i arbeidet med forvaltningsplanen.

Direktoratet for naturforvaltning syner til at direktoratet ved Miljøverndepartementet sitt brev av 25.juni 1998, er gitt mynde til å fastsette kven som skal ha forvaltningsstyremakta for verneområda. I brev av 26.oktober 1998 opna DN for at kommunane kan søkje om å få forvaltningsansvar for bl.a. naturreservat, landskapsvernombord og naturminne. Direktoratet er innstilt på å overføre formell mynde for forskriftene til kommunane, dersom kommunane ønskjer dette. DN vil tilrå at mynde til å forvalte forskriftene for landskapsvernombordet gis til Aurland og Lærdal kommuner. For naturreservatet tilrå DN at Lærdal kommune blir forvaltningsstyremakt. Dersom kommunane ikkje er interesserte i dette tilrå DN at Fylkesmannen

i Sogn og Fjordane blir forvalningsstyresmakt. I likhet med fylkesmannen meiner direktoratet at alle verneområda i verdsarvområdet for Nærøyfjorden bør ha same nivå (kommune/fylkesmann) på forvalningsansvaret. Det kan vere føremålstenleg å opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av verneområda. Eit slikt utval vil ikkje ha formell mynde for forvaltninga av verneforskriftene, men vil kunne gje nyttige råd til forvalningsstyremakta. Det er viktig at lokalsamfunnet trekkast aktivt med i forvaltninga, og oppretting av eit rådgjevande utval vil vere eit av fleire tiltak i denne samanhengen.

Ein forvalningsplan er eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneformålet. Forvalningsplanen skal gje konkrete retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging m.m., og skal sikre forvalningsstyremakta ein samla oversikt over aktuelle tiltak innan for verneområdet. Ein forvalningsplan bør utarbeidast snarast råd etter vedtaket. Alle relevante aktørar bør trekkast inn i dette arbeidet.

Miljøverndepartementet legg til grunn at alle relevante aktørar, inkludert grunneigarar, blir vurdert representert dersom det opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av verneområda. Generelt er det viktig at alle aktørar trekkast inn i arbeidet med ein forvalningsplan. Departementet sluttar seg for elles til direktoratet.

6.5.2 Oppsyn

Norges Fjellstyresamband meiner behovet for oppsyn bør vurderast i ein forvalningsplan. Ved auka behov for statleg naturoppsyn, må samarbeid med eksisterande oppsynsordningar vektleggast.

Fylkesmannen viser til framlegget til Bleia naturreservat og Bleia-Storebotnen landskapsvernombord. Her er ein gjennomgang av Statens naturoppsyn (SNO) sitt særlege ansvar for nasjonale verneverdiar og oppsynsoppgåver av statleg karakter. Fylkesmannen går inn for at oppsyn i området vert samordna med Nærøyfjorden landskapsvernombord. Fylkesmannen meiner at SNO sitt oppsyn bør skje i samarbeid med Lærdal og Aurland fjellstyre, m.a. fordi Aurland fjellstyre har eit godt fungerande og dyktig oppsyn.

Direktoratet for naturforvaltning vil vise til at SNO har eit særleg ansvar for nasjonale verneverdiar og oppsynsoppgåver av statleg karakter, og at det difor i utgangspunktet er SNO som har det overordna ansvaret for statleg naturoppsyn i alle verneområde. Det statlege naturoppsynet skal i første rekke ha slike oppgåver som er omtalt i "Lov av 21.juni 1996 om statleg naturoppsyn"; - førebygging av miljøkriminalitet, kontroll, vegleiring og informasjon, og å drive med praktiske oppgåver som skjøtsel, registreringar, dokumentasjon o.a.

Hovudoppgåvene for statleg naturoppsyn i Bleia naturreservat og Bleia og Storebotnen landskapsvernombord vurderast slik:

- Holde oversikt over utviklingstendensar i bruken av området.
- Holde oppsyn/oversikt med status over natur- og kulturverdiane i området, med spesiell vekt på sårbare og trua arter.
- Informasjon og rettleiing til brukarar/besökande.
- Kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneforskrift og /anna lov/regelverk.

- Føre tilsyn og utføre eventuelt vedlikehald på statleg eigedom, herunder informasjons- og oppmerkingsmateriell.

Området har pr i dag mest lokal og regional bruk, men er i sommarmånadene også eit utprega reiselivsområde. Aktiviteten i området er elles knytte til friluftsliv, jakt og fiske. I tillegg er det noko aktivitet knytte til beiting med vidare i området. Det bør leggast opp til god oppfølging av området heilt frå starten av, gjennom vegleiing og informasjon, og kontroll med at bruken skjer iht verneforskriftene.

Det blir viktig å få eit samla grep om statleg naturoppsyn i dei nye store verneområda i dette distriktet. DN legg til grunn at det må vere ein monaleg statleg innsats i desse nasjonalt viktige områda, men samtidig vil samarbeid med og tenestekjøp frå lokale oppsynsaktørar vere viktig for å sikre gode samarbeidsrelasjonar og god lokal forankring.

Miljøverndepartementet understrekar at det er viktig med eit effektivt oppsyn i verneområda. Arbeidet med å etablere eit slikt oppsyn må skje innafor dei til ein kvar tid eksisterande budsjetttramme.

6.6 Merknader til verneforskriftene

6.6.1 Generelle merknader

Norsk Fjellstypesamband ønskjer tilvisingar til Fjellova ved fleire punkt i verneforskriftene.

Fylkesmannen meiner at sjølv om Fjellova gjeld i statsallmenning, er det verneforskrifta som skal regulere forholdet mellom vern og bruk i områder som er verna i medhald av naturvernlova. Fylkesmannen går difor inn for at tilvising til Fjellova ikkje blir teke inn i verneforskrifta.

DN støttar fylkesmannen sine kommentarar, da anna lovverk også vil gjelde som før der det ikkje er i strid med verneforskrifta.

Miljøverndepartementet sluttar seg til fylkesmannen og DN sine kommentarar.

6.6.2 Føremål for landskapsvernombrådet

DNT og FRIFO peikar på at friluftsliv bør inn som ein del av verneformålet for landskapsvernombrådet.

Fylkesmannen vil peike på at korkje naturreservatet eller landskapsvernombrådet er spesielt tilrettelagt med T-merkte stiar og turlagshytter. Det er viktig at ein slik variasjon mellom område med og utan T-merkte stiar finst. Allemannsretten sikrar alle rett til å bruke området til friluftsliv. Fylkesmannen ser difor ikkje grunn til å ta dette inn i verneføremålet for landskapsvernombrådet.

DN ønskjer å differensiere på områda i høve til å ha friluftsliv inn i føremålet. I område som er mykje brukt og som i større grad er tilrettelagt bør dette takast inn. I område, som Bleia, kan dette utelatast. Allemannsretten gjeld også innafor verneområda, og landskapsvern-området vil vere med på å sikre friluftslivsinteressene og dei landskapskvalitetane som er viktig for friluftslivet.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet.

6.6.3 Landbruk

- **Jordbruk**

Norges Fjellstyresamband (NFS) peikar på at Fjellova gjev fjellstyra høve til å regulere beitebruken, dersom beitebruken øydelegg/gjev for stor slitasje på vegetasjonen. NFS meiner at beitepress regulerast best lokalt og ønskjer at dette punktet vert fjerna frå verneforskrifta for naturreservatet. NFS meiner også at seter som har vore ute av drift vil ved oppstart i statsallmenning bli utvist med heimel i fjellova. Det same vil gjelde ved oppstart av seterdrift i nye områder på statsallmenningsgrunn i naturreservat og landskapsvernombordet. Sogn og Fjordane Bygdekvinnelag og DNT tek opp at kulturlandskapet må oppretthaldast. Busetting på Frønningen vil vere viktig for eit levande kulturlandskap.

Fylkesmannen meiner at det vil vere verneføremålet og verneforskrifta som skal regulere omsynet til naturmiljøet i eit verneområde. Fylkesmannen ser såleis ikkje grunn til å følgje opp Norges Fjellstyresamband sitt innspel om beiting. Når det gjeld seterhus visast det til tilrådinga om nye bygningar. Fylkesmannen er samd i at kulturlandskapet i Bleia-området er viktig, jf. likevel det som er sagt tidlegare om beiting på stølen i Nordheimsdalen.

Direktoratet for naturforvaltning syner til at når det gjeld regulering av beite, er bakgrunnen for denne regelen at forvaltningsstyresmakta skal ha ein heimel som gjer det mogleg å regulere beitetrykket, dersom det skulle oppstå ein situasjon der beitinga får eit omfang eller karakter som fører til at verneverdiar kan gå tapt. Før ei slik forskrift kan bli vedtatt skal den på høyring til berørte instansar. DN ser og at landskapet endrar seg når landbruksdrift opphøyrar eller bruk blir fråflytta, og det er ønskjeleg at busettinga og drifta ved Frønningen held fram. Landbruksdrifta i området skal kunne utvikle seg i tråd med endra produksjonskrav innafor næringa så lenge dette ikkje er i strid med føremålet og verneverdiane for området. Rydding av beite og skjøtsel av områda er ein del av den tradisjonelle landbruksdrifta, og vil vere tenleg i høve til skjøtsel av kulturlandskapet. Dei største trugsmåla mot kulturlandskapet i dag ser ut til å vere attgroing og fråflytting.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet.

- **Skogsbruk**

Vilhelm Rumohr ber om, dersom hans framlegg til grense for naturreservatet ikkje vert teke til følgje, at det vert høve til uttak av enkelttre med helikopter. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane peikar på dei store skogkvalitetane vest i naturreservatet, og hogst her kan ikkje aksepteras. Norskog peikar på at ei maks hogstflate på 1 da i landskapsvernombordet ikkje har forankring i faglege vurderingar. DNT støttar at største hogstflate i landskapsvernombordet er 1 da.

På møtet i referansegruppa 30.10.2003 kom det fram at det bør vere opning for plukkhogst til ved på hytter i landskapsvernombordet.

Fylkesmannen meiner at ein opning for uttak av enkelttre med helikopter vil føre til at det er dei aller største, eldste og mest verdfulle trea sett frå naturvernet si side som vil bli teke ut, noko som vil kome i konflikt med vern av denne svært verdfulle barskogen.

På denne bakgrunnen går fylkesmannen inn for at det ikkje vert gjeve opning for uttak av enkelttre i naturreservatet utover det som gjeld til ved til bruk til hytter i området, med unntak av at særmerkte, daude og dekorative tre ikkje skal fellast. Ei leigeavtale av tre vert sett på som uinteressant. Fylkesmannen viser til at ein også i framlegget til landskapsvernombordet finn skog med store verneverdiar, og at i bratte fjordlår vil sjølv hogstflater på 1 da vere svært godt synleg i landskapet. Landskapsvernombordet ligg på statsallmenning og framlegget har støtte i fjellstyret. Fylkesmannen går difor inn for å halde på formuleringa i verneforskrifta. Fylkesmannen meiner at det bør vere opning for plukkhogst til ved til hytter i området, men at særmerkte og dekorative tre ikkje skal fellast.

Landbruks- og matdepartementet meiner reglane om hogst i landskapsvernombordet verkar urimeleg byråkratisk, då dei i fleire punkt viser til forbodet mot å ta ut særmerkte, dekorative og daude tre.

DN støtter fylkesmannen. Storleiken på hogstflater er satt etter ønskje frå referansegruppa. DN støtter denne då store hogstflater vil bli svært synleg i dette fjordlandskapet. I landskapsvernombordet er det eit ønskje om å ta vare på dei særmerkte trea. Ein må difor presisere dette i dei einiske punkta som opnar for hogst.

Miljøverndepartementet syner til at fylkesmannen har hatt fleire møter og synfaringar med aktuelle grunneigarar. I tillegg har DN hatt eige møte med Norskog og Vilhelm Ruhmor 24. februar i år og eit tilrådingsmøte med kommunane 11. mars der grunneigarane òg var invitert. På møta er det kome fram at grunneigar Vilhelm Ruhmor kan akseptere forslaget til Bleia naturreservat mot erstatning for tapte inntekter knytt til skogen i reservatet. Departementet vil syne til ønskje frå referansegruppa når det gjeld storleiken på hogstflater. Miljøverndepartementet sluttar seg for elles til direktoratet.

6.6.4 Vegbygging

Vilhelm Rumohr har teke opp følgjande stader for aktuelle vegprosjekt:

- veg langs fjorden frå indre Frønningen til Revsnes (naturreservatet)
- skogsveg inn i Storeli (lia aust for Instegjelet, i naturreservatet)
- veg over fjellet frå Frønningen til Modlaugsdalen/Sluppen i Erdalen (landskapsvernombordet)
- veg frå Frønningsåsen til Nordheimsdalstølen (landskapsvernombordet)

Frønningen Grendalag meiner at veg til Revsnes er urealistisk i overskueleg framtid uavhengig av vern, og peikar på at statlege styresmakter må sikre eit godt kommunikasjonstilbod med båt. Og Vilhelm Rumohr innser at veg til Revsnes er lite realistisk i dag og respekterer bygdefolket sitt syn. Norskog viser til at veg til Revsnes bør kunne byggjast uavhengig av verneplanen. Statens Vegvesen sine tal for kostnad for vegbygging er dessutan for høge og ein nøytral instans bør foreta vurderingar. Vilhelm Rumohr meiner også Statens Vegvesen sine tal er for høge. Norsk Fjellstyresamband og Aurland fjellstyre ber om at det i verneforskrifta for landskapsvernombordet blir teke inn eit nytt punkt der forvalningsstyremakta kan gje løyve til etablering av stolsvegar av same standard som eksisterande vegar i området har. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner veg langs fjorden til Revsnes og til Nordheimsdalen må avvisast. Sogn og Fjordane Turlag ser nye inngrep som vegar som svært uheldig, men meiner at tunnel frå Frønningen til Revsnes er akseptabelt.

Fylkesmannen meiner at alle dei ovan nemnde vegprosjekta vil kome i sterkt konflikt med verneføremålet for både naturreservatet og landskapsvernombordet, og vegbygging er noko av det vernet skal verne mot. På denne bakgrunnen ønskjer ikkje fylkesmannen å opne for nokon av dei ulike planane om vegar. Det er ikkje vegar i dei føreslårte verneområda i dag, noko som er ein av kvalitetane her, jf. at her finst omlag 3 km² med villmarksprega natur, dvs. > 5 km frå vegar og andre større tekniske inngrep. Eventuell direkte tunnel mellom Frønningen og Revsnes vil ikkje vere i konflikt med framlegget til naturreservat. Fylkesmannen vil vidare peike på at gode skyssbåt- og fergesamband er avgjerande for Frønningen som lokalsamfunn.

DN støtter fylkesmannen sine vurderingar. Vegbygging vil vere inngrep som ikkje er i samsvar med verneverdiane, og som ein ikkje kan opne for i forskriftera. Eventuelle konkrete planar om vegframføring, inkludert stølsvegar, må vurderast og behandles etter den generelle unntaksbestemminga.

Miljøverndepartementet sluttar seg til fylkesmannen og direktoratet sine vurderingar.

6.6.5 Mineralressursar og bergverksdrift

NGU meiner kvit anortositt og lys granitt kan vere aktuell som naturstein både innanfor og utanfor framlegget til vern. NGU tilrar at ein natursteinsgeolog gjennomfører ca. 10 dagar feltarbeid ved indre og ytre Frønningen før det blir teke avgjerd om grensene for verneområdet. Vilhelm Rumohr viser til NGU si fråsegn. Frønningen Grendalag ber om å få vurdert konsekvensane av vern ved ei framtidig anortosittførekomsten i Bleiaområdet. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det i verneforskriftene vert teke inn formuleringar om at luftesjaktar kan tillatast i samband med eventuell utvinning av anortositt slik det er for Nærøyfjorden landskapsvernombordet.

Fylkesmannen syner til at planane om anortosittutvinning under Bleia er så lite konkrete i høve til planane for Nærøyfjorden/Gudvangen, at det ikkje vil vere rett å ta inn formuleringar om luftesjakter korkje for naturreservatet eller for landskapsvernombordet. Eventuell drift må i tilfelle skje underjordisk, t.d. frå Vindedal, og utskiping vil evt. kunne vere mogleg frå Revsnes eller Vindedal (både utanfor framlegget til naturreservat) ettersom det er veg dit og kai der. Dersom planane skulle bli konkrete, vil i praksis løysingane i landskapsvernombordet bli dei same som i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, dvs. luftesjakter. I eit naturreservat vil vurderinga vere strengare, noko som også er ein grunn til ikkje å ta inn ei opning for luftesjakter her. Underjordisk bergverksdrift som krev inngrep i verneområda må vurderast i høve til den generelle unntaksbestemminga med høve til å gjere unntak frå verneforskrifta ”for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet”, dvs. for storsamfunnet/nasjonalt viktige prosjekt.

Fylkesmannen vil syne til at det er fritt opp til NGU og grunneigar å la ein geolog kartleggje naturstein som ressurs. Fylkesmannen meiner at dagbrot i fjordlandskapet uavhengig av vern vanskeleg vil kunne bli tillate, fordi denne type inngrep vil bli svært godt synleg i eit landskap med internasjonale kvalitetar.

DN støtter fylkesmannen. Direktoratet er av den oppfatning at det ikkje er mogleg å sikre verneverdiane i ein kombinasjon med bergverksdrift, og meiner at eventuelt dagbrot av mineralressursane i området ikkje kan sameinast med vern som landskapsvernombordet. Etter DN si vurdering må evt. bergverksdrift løysast gjennom underjordisk drift med innslagspunkt utanfor verneområdet.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet.

6.6.6 Vasskraftregulering og kraftlinjer

Vilhelm Rumohr seier at innanfor det føreslegne naturreservatet kan det vere aktuelt å bygge eit kraftverk i Ytste Drøfta. NVE skriv at framleggget ikkje vil påverke eksisterande kraftanlegg eller prosjekt som inngår i Samla Plan. For planlagte Sagelvi kraftverk (20GWh) blir ikkje vassdragsdelen påverka, men nokre av dei skisserte alternativa for overføringslinje kan kome i konflikt med verneframlegget. Eksisterande 300 kV linje mellom Aurland og Lærdal gjennom Bleia - Storebotnen landskapsvernombråde må nemnast eksplisitt i verneforskrifta, fordi linja tilhøyrer sentralnettet. Det må difor gå tydeleg fram at opprettinga av landskapsvernombrådet ikkje er til hinder for drift, vedlikehald og ombygging/spenningsoppgradering. Linja bør og merkast på kartet. Statnett har ikkje nærståande planar ombyggingar eller nybyggingar av kraftleidningar i områda. Statnett arbeider kontinuerleg med å auke utnyttinga av eksisterande leidningsanlegg. Det kan difor vere aktuelt med spenningsoppgradering av eksisterande leidning, noko som vil krevje mindre anleggsarbeid. På sikt kan ein heller ikkje utelukke nye leidningar, særleg med parallelleføring, jf. ev. utbygging av Sagelvi kraftverk, då med vanleg melding og søknad om konsesjon og sakshandsaming som andre kraftleidningsprosjekt. Vilhelm Rumohr har planar om eit kraftverk i Sagelvi kraftverk på Frønningen. Med oppretting av naturreservat må ei kraftlinje for å føre straumen ut leggjast utanom verneområda. Alternativa utanfor verneområda er tilkopling med Trafo på Frønningen, og over fjorden til Kaupangerhalvøya der den nemnde 300 kV- linja kryssar fjorden i dag. Rumohr tek opp at det kan vere aktuelt å føre i linje parallelt med 300 kV linja over fjellet til Erdal, og ser det som viktig at konsesjons-handsaminga av Sagelvi kraftverk ikkje må bli forseinka pga vernet. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner at vasskraftutbygging i området ikkje kan aksepteras. Sogn og Fjordane Turlag ser nye inngrep som kraftlinjer i verneområda som svært uheldig.

Fylkesmannen meiner at eit kraftverksprosjekt i Ytste Drøfta vil vere vanskeleg å gjennomføre pga rasaktiviteten i området, samstundes som det er i konflikt med verneverdiar. Prosjektet vil, uavhengig av vern eller ikkje, vere svært konfliktfilt i høve til naturkvalitetane og naturtilhøva i området. Fylkesmannen meiner at utanom tilkoping til 300 kV linja med Trafo (ei løysing som truleg vert for kostbar), vil fjordkryssing i sjø eller luft, parallelt med eksisterande linje, til Kaupangerhalvøya vere det minst konfliktfylte alternativet for ei ny kraftleidning frå Frønningen i samband med eit evt. kraftverk i Sagelvi. Fylkesmannen kan ikkje sjå at handsaminga av kraftprosjektet vert forseinka av ver neprosessen.

Fylkesmannen er samd med NVE og Statnett i at ei sentral/nasjonal overføringslinje på 300 kV gjennom landskapsvernombrådet står i ei særstilling, og vi går inn for at denne vert nemnt eksplisitt i forskrifta. Vedlikehald av linja vil vere tillate. Når det gjeld anna spenningsoppgradering, ombygging og anleggsarbeid som Statnett finn naudsynt, finn vi det rett at dette kjem inn i forskrifta som eit eige punkt dvs. at det kan gjevast løyve etter søknad. Dersom det skulle bli aktuelt med ei ny parallelle linje som har ein nasjonal funksjon, må dette vurderast etter unntaksbestemminga i verneforskrifta om unntak for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, dvs. for storsamfunnet/nasjonalt viktige prosjekt.

DN ønskjer å presisere i forskrifta for landskapsvernombrådet at vernet ikkje er til hinder for drifta av kraftlinene. Elles syner ein til fylkesmannen sine vurderingar og seier at

bygging av mini- og mikrokraftverk i Ytste Drøfta vil vere i strid med verneføremålet pga vassdrags-inngrep og anleggsarbeid. Dersom det skulle framkome konkrete planar for bygging av kraftverk må det søkjast dispensasjon både etter vassressurslova og naturvernlova.

Miljøverndepartementet vil gjere merksam på at forskrifa opnar for drift og vedlikehald av den eksisterande 300 kV kraftlinja, jf § 3 pkt 1.2b. i forskrift for landskapsvernombordet. Vedlikehald omfattar mellom anna utskifting av komponentar knytt til kraftleidningar (liner, isolatorar, master, traverser m.v.) i samsvar med anleggets tillatte eigenskapar i forhold til konsesjon etter energilova. Oppsetting av master med anna utforming enn eksisterande anlegg, omfattast normalt ikkje av vedlikehaldsbestemminga. Ved utskifting av master eller andre komponentar, skal ein nytte master og komponentar som er mest mulig lik eksisterande, med mindre overgang til andre typer master og komponentar vil redusere anleggets innverknad på verneverdiane utan urimelege kostnadar eller ulemper for anleggseigaren, jf. energiforskrifta § 3-4. Ombygging og oppgradering av 300 kV kraftlinja kan skje etter løyve frå forvalningsstyringsmakta, jf forskriftens § 3 pkt. 1.3e.

Ved akutte feil på anlegget kan det oppstå behov for reparasjon med ein gong av installasjonar som medfører bruk av motorkjøretøy. I slike akutte tilfeller vil det ikkje vere tid til å innhente løyve til bruk av motorkjøretøy i verneområdet. I slike tilfeller forutsettes det at motorferdsel skjer mest mulig skånsamt, og at det snarast mogleg i ettertid meldast frå til ansvarleg forvalningsstyresmakt for verneområdet, jf § 4.2e i forskrift for landskapsvernombordet.

Miljøverndepartementet sluttar seg for elles til direktoratets tilråding.

6.6.7 Motorferdsel

DNT, Friluftslivets fellesorganisasjon, Naturvernforbundet og Sogn og Fjordane Turlag peikar på at motorferdsla må haldast på eit så lågt omfang som mogleg. Statnett peikar på deira behov for vedlikehald av 300 kV linja gjennom landskapsvernombordet, og særleg at barmarktransport krev spesielt løyve. Til vanleg vil det bli nytta helikopter, men véret kan hindre dette, noko som kan gjere barmarktransport naudsynt, og det er ikkje tid til å søkje om løyve. Vernereglane må difor ha opning for at barmarktransport kan skje utan løyve. Vilhelm Rumohr meiner at det bør vere høve til helikopterturisme lågare enn 300 m over bakken. DNT ønskjer eit lågtflygingsforbod på 1000 m over bakken. Forsvarsbygg viser til at Bleia ligg innafor Mjølfjell skyte- og øvingsfelt, slik at Bleiaområdet vert brukt til taktisk flyging på forskjellig høgdenivå, noko som kjem i konflikt med forbodet mot flyging lågare enn 300 m over bakken.

På møtet 30.10.2003 i referansegruppa kom det fram at villreinoppsynet har behov for motorferdsel. Det gjeld noko snøskuterbruk om vinteren, og bruk av helikopter og fly 3 gonger i året for teljing av villreinstammen.

Fylkesmannen meiner at det er viktig at totalomfanget av motorferdsel blir halde på eit lågt nivå. Barmarkkjøring gjev store sår i terrenget, og slik kjøring er difor strengare regulert enn kjøring på snøføre i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Barmarkkjøring i landskapsvernombordet skal difor til vanleg ikkje skje. Fylkesmannen har likevel lagt inn eit tillegg i verneforskrifta, fordi 300 kV linja er ei nasjonalt viktig kraftlinje. Her opnast det for at Statnett ved akutt naud/samanbrot på 300 kV linja kan foreta barmarkkjøring for å reparere linja dersom vétilhøva gjer at helikopter ikkje kan

nyttast, mot skriftleg rapport til forvalningsstyresmakta i ettertid. Elles må det søkjast om løyve. Ei lågtflygingsgrense på 300 m over bakken gjeld i tilgrensande verneområde, og fylkesmannen ønskjer å halde på denne grensa. Fylkesmannen tilrår at villreinoppsynet kan gjere bruk av snøskuter og helikopter i landskapsvernombordet for teljing og registrering av villreinstamma mot årsrapport om motorferdsela.

DN har avklart med Forsvarsbygg at området ligg utanfor dei administrative grensene til Mjølfjell skyte- og øvingsfelt, men at det er ein del av Forsvaret sin lågtflygingsstruktur. Forsvaret ønskjer å oppretthalde dette for å ha hove til noko lågtflyging. Da det føreslår verneområdet grenser inntil Nærøyfjorden landskapsvernombordet er det her ønskeleg og praktisk og ha dei same forskriftene. I Nærøyfjorden landskapsvernombordet er det lågtflygingsforbod med unntak for militær lågflyging. DN foreslår at det i forskrifta for både naturreservatet og landskapsvernombordet vert opna for at forbodet mot lågtflyging ikkje gjeld militær lågtflyging. Det er eit mål at motorferdsel blir avgrensa til det heilt naudsynte innanfor verneområda. Ein ønskjer ikkje å opne for lågtflyging i samband med sightseeing for turistar med luftfartøy over verneområdet. Dette vil medføre støy og mellom anna kunne forstyrre villrein i området. Dette vil og vere den same regelen som gjeld for tilgrensande verneområde ved Nærøyfjorden.

I punktet om luftransport i landbrukssamanheng har direktoratet endra formuleringa "*Luftransport skal meldast til oppsynet*" til "*Luftransport skal meldast til forvalningsstyresmakta*". Dette fordi det også andre stader i forskrifta er vist til forvalningsstyresmakta.

DN har justert punktet om at ein kan gi løyve til bruk av luft- og snøscootertransport til frakt av brensel og utstyr mm til også å gjelde stølar, da dette hadde falt ut ved omredigering av teksten til høyringa. I tillegg ønskjer direktoratet og opne for at ein kan gi løyve til luftransport av materiale til stølar, som for til hytter.

Miljøverndepartementet syner til § 5.2d i framlegg til forskrift for Bleia – Storebotnen landskapsvernombordet, der det opnast for naudsynt luftransport i samband med landbruksdrift. Luftransporten skal meldast til forvalningsstyresmakta før transporten tek til. Eit slikt varsel må gis i rimeleg tid. Departementet sluttar seg for elles til direktoratet og vil understreke at området er viktig for friluftslivet og for reiselivet. Departementet viser til *St.prp. nr 65 (2002-03) jf Inst. S. nr 260*, der ein m.a. legg vekt på fråvær av støy som ein viktig del av merkevaren verneområda representerer i turisme samanheng.

6.6.8 Friluftsliv og ferdsel

FRIFO er i prinsippet mot all regulering av allemannsretten i friluftslova, sjølv om det kan aksepteras i spesielle tilfelle. FRIFO ber difor at det blir vurdert om dette er naudsynt i naturreservatet. FRIFO, DNT, Sogn og Fjordane Turlag peikar på at begge områda er viktige for friluftsliv. Norges Jeger og Fiskerforbund Sogn og Fjordane peikar på at formuleringa "idrettsarrangement, jaktprøver og andre organiserte arrangement i reservatet er forbode" også vil omfatte sal av fiskekort og jaktkort fordi dette vert rekna som organisert bruk av området i naturreservatet. Sogn og Fjordane Turlag og DNT peikar på at forbodet mot organisert ferdsel i naturreservatet ikkje bør gjelde turlagsverksem, særleg på topplatået av Bleia. Fylkeslandbruksstyret meiner at forbodet mot sykkel, hest og kjerre og riding i verneforskrifta for naturreservatet verkar

urimeleg og bør fjernast. DNT peikar på at i naturreservatet bør det kunne gis løyve til merking og rydding av både eksisterande og nye stiar, ikkje berre eksisterande.

Fylkesmannen syner til at når det gjeld jakt- og fiskekart med tilhøyrande aktivitet/ferdsel i naturreservatet, så er jakt og fiske unnateke frå forbodet mot organiserte arrangement i naturreservatet. Fylkesmannen er samd i at forbodet mot organisert ferdsl i naturreservatet bør gjelde turlagsverksem på platået av Bleia. Vi meiner det er særleg i Inste Drøfta og lokaliteten for urvalmuen at det er viktig å kunne ha kontroll med ferdsla. Dette er difor endra i forskriften slik at forbodet mot organisert bruk berre gjeld i Inste Drøfta. Sjølv om dette ikkje synest å vere ei aktuell problemstilling i dag, meiner vi at både bruk av sykkel og hest vil kunne gje uehdig skade på vegetasjonen i naturreservatet, og fylkesmannen ønskjer difor ikkje å ta ut forbodet mot bruk av sykkel, hest og kjerre og riding. Kanalisering av ferdsla gjennom merking og rydding av både gamle og nye stiar kan bli eit aktuelt verkemiddel i framtida, og vi går difor inn for å endre dette i forskriften for naturreservatet.

DN støtter fylkesmannen sine kommentarar, men vil og vise til at sal av jakt- og fiskekart ikkje er å rekne som eit organisert arrangement. Restriksjonar på organisert ferdsl i naturreservatet er ikkje i første rekke lagt inn for å hindre slik ferdsl, men for å sikre ein dialog mellom brukarar og forvaltning og å gje forvaltningsstyremakta moglegheit til å styre ferdsla slik at det ikkje oppstår konflikt i høve til dyreliv eller anna sårbar natur. Ein vil understreke at denne kontrollen med større arrangement og organiserte turar vil kunne førebyggje skade på vegetasjon og forstyrring av dyreliv. Når det gjeld bruk av hest tilrår direktoratet at det opnast for bruk av kløvhest i samband med jakt i naturreservatet.

Miljøverndepartementet syner til at det i tråd med standard verneforskrift er gjort ein presisering av restriksjonsnivået på ferdsl og forureining i verneområdet. Departementet sluttar seg for elles til direktoratet.

6.6.9 Jakt på land og fiske i ferskvatn

Norsk Fjellstypesamband ber om at det i forskriftene for naturreservat og landskapsvern-området også bør vere ei tilvising til Fjellova. Av frykt for at det blir forbode å nytte privateid skogsveg i samband med uttak av jaktutbytte ber dei, og viser til Aurland fyllstyre, om eit tillegg i forskriften for Bleia - Storebotnen landskapsvernområde, om at det etter søknad kan gjevast løyve til landing med luftfartøy i samband med storviltjakt. V. Rumohr har ønskje om bygging av jaktveg innafor det føreslalte naturreservatet, for å gjere området meir attraktivt i samband med jaktutøving.

Fylkesmannen ser ei tilvising til Fjellova om jakt og fiske som unødvendig, jf. det som er sagt under "Generelle merknader til verneforskriftene". Fylkesmannen meiner vidare at bruk av helikopter i samband med jakt bør haldast på eit minimum dersom jakt skal utøvast som ein del av friluftslivet. Ein går difor inn for at dette skal vere regulert på same vis som i Nærøyfjorden landskapsvernområde, dvs. at det er ein høg terskel for å få ei slikt løyve. Det inneber at ei eventuell løyve blir gjeve med heimel i punktet om "Unntak i særskilde høve". I ekstremt bratt, vanskeleg og avsidesliggende terrenget vil det kunne gjevast eit visst tal løyve på årsbasis, og elles enkeltløyve ved ekstremt vanskelege vértihøve, t.d. snøfall kombinert med vanskeleg terrenget og store avstandar. Fylkesmannen går difor ikkje inn for å ta inn dette som eige punkt i forskriften for Bleia - Storebotnen landskapsvernområde.

DN syner til at det er eit mål å redusere motorferdsel i utmark til eit minimum innafor landskapsvernombordet. I verneforskrifta er det gitt opning for naudsynt motorferdsel i nokre samanhengar, mellom anna i samband med landbruk. Uthenting av storviltkjøt kjem ikkje inn under landbruk (jf. lov om motorferdsel i utmark og vassdrag). Sett i forhold til motorferdslelova er jakt ein friluftsaktivitet, og det er ikkje automatisk opning for bruk av motorkøyretøy eller motorfartøy i utmark i denne samanhengen. Dette krev dispensasjon både frå motorferdslelova og forskrifter for verneområda.

V. Rumohr driv kommersiell jakt innafor det føreslårte naturreservatet. Han har signalisert at det er svært viktig å ha høve til å kunne frakte ut felt hjortevilt frå området ved Storeli ved spesielle høve. DN meiner at bruk av kløvhest bør vere mogleg til dette og har opna for det i forskriften. I tillegg tilrar DN at det også som eit alternativ til frakt kan søkjast om løyve til bruk av beltegåande "elgtrekk" (jernhest) i området frå Roti til Sovastubbene. Føresetnaden må vere at denne bruken ikkje lagar sår i terrenget som utviklar seg til traktorveg eller lignande.

Miljøverndepartementet syner til § 5 punkt 1 i framlegg til forskrift for Bleia naturreservat, der det opnast for vedlikehald av gamle ferdselsvegar etter søknad. Det er òg opna for etter søknad, å kunne gje løyve til bruk av "elgtrekk" i området frå Roti til Sovastubbene for utfraking av felt hjortevilt (jf § 5 punkt 10). Ei slik løyve skal kunne gjevast for fleire år om gongen. Om forvalningsstyresmakta finn det naudsynt kan det knyttast særskilte vilkår til slikt løyve. Ved vurdering av søknader etter § 5 må desse sjåast i høve til verneføremålet. Dersom det foreslegne området får verdsarvstatus vil dette òg få konsekvensar for vurderinga av søknader. Departementet sluttar seg for elles til direktoratet.

6.6.10 Jakt, fiske og oppdrettsanlegg i sjøen

Fiskeridirektoratet region Sogn og Fjordane ber om endringar i verneforskrifta både for naturreservatet og landskapsvernombordet. Dette gjeld tillegg om at jakt og fiske kan utøvast etter reglane om saltvassfiske, at ferdsel på land kan skje i samband med bruk av landfeste under utøving av yrkesfiske i sjø, at det kan gjevast løyve til oppankring av oppdrettsanlegg og naudsynt ferdsel på land med oppankring og tilsyn av anlegg.

Fylkesmannen går inn for dei same formuleringane som i Nærøyfjorden landskapsvernombord, slik at heile området som er med i verdsarvsøknaden har dei same reglane når det gjeld oppdrettsanlegg. Det inneber at det ikkje er opning for å etablere oppdrettsanlegg i verneområdet i Aurlandsfjorden tilliks med det som gjeld i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Når det gjeld utøving av fiske i sjøen, regulerer ikkje framlegget til verneregler for naturreservatet og landskapsvernombordet dette. Det vil såleis vere høve til å drive fiske og gå på land under utøving av fiske i sjø. Fylkesmannen går difor inn for å ta inn tilvisinga til saltvassfiskelova. Av omsyn til landskapsbiletet for Bleia meiner fylkesmannen det vil vere uheldig å etablere oppdrettsanlegg utanfor naturreservatet. Fylkesmannen viser og til at fjordområdet vert omfatta av Stortinget sitt vedtak om Sognefjorden som nasjonal laksefjord - der det ikkje vert gjeve løyve til oppdrett av anadrome artar av matfisk.

DN syner til at det er ca 5 km² sjøareal som vert omfatta av landskapsvernombordet. Arealet grensar inntil Nærøyfjorden landskapsvernombord og har naturleg samanheng med dette, her er det òg forbod med oppdrettsverksemd. Formålet med Bleia – Storebotnen landskapsvern-område er å ta vare på eit eigenarta landskap frå fjord til

fjell. DN meiner at også sjøareala inngår som ein naturleg del i dette landskapet, og det er ønskjeleg å halde dette fritt for oppdrettsanlegg.

Miljøverndepartementet syner til at naturreservatet og landskapsvernombrådet inngår i søknaden til UNESCOs World Heritage List. Dette gir eit signal om at områda skal forvaltast strengt. Etter førelegginga er Fiskeri- og kystdepartementet og Miljøverndepartementet vorte samde om eit nytt punkt 7 i § 4 i forskrifa for naturreservatet og nytt punkt 3.3 i § 3 i forskrifa for landskapsvernombrådet: "*Havbeite utan synlege anlegg i overflata, er tillate.*" Skulle det i framtida vise seg mogleg å etablere oppdrettsanlegg som ikkje kjem i konflikt med føremålet med vernet, vil det kunne gjevast løyve etter den generelle unntaksparagrafen i forskrifa. Omsynet til Regjeringa sin søknad om å få området inn på UNESCOs verdsarvliste er avgjerdande for denne løysinga. Naturvernloven kjem ikkje til anvending på tiltak utanfor grensene for verneområda.

6.6.11 Bygningar

Vilhelm Rumohr har teke opp at han bør ha høve til å byggje hytte i Storeli og ei hytte ved Tunga i Ytste Drøfta. Ei hytte ønskjer han oppattsett på gamle tufter. På møtet med Miljøverndepartementet 12. mai 2004 fremma Vilhelm Rumohr ønskje om å byggje ei hytte i naturreservatet som ei tilpassing til alternativ bruk av eit tidlegare skogbruksområde. Norsk Fjellstyresamband tek opp at Fjellstyra kan etter fjellova føre opp fjellstyrehytte i statsallmenning. Nybygg (gjetarbu /oppsynsbu) må også kunne tillatast i naturreservat når behov for bygning kan dokumenterast i samband med utnytting av bruksrett.

I naturreservatet har det i referansegruppa vore framme at forvalningsstyresmakta bør kunne gje løyve til oppføring av bygningar på gamle murar som ikkje er attgrodde, i samråd med kulturminnestyresmakten. Det er særleg den gamle husmannsplassen på Hausen som det då har vore tenkt på.

Lærdal fjellstyre har teke opp høve til å byggje ei fjellstyrehytte i statsallmenningen i det føreslegne landskapsvernombrådet. Då fjellstyret ikkje har hytte i landskapsverndelen av statsallmenningen frå før, og ei slik hytte vil vere tilgjengeleg for ålmenta, er det i forslaget til verneforskrift opna for at Lærdal fjellstyre kan søkja om å få byggje ei fjellstyrehytte i det planlagde landskapsvernombrådet.

Fylkesmannen ønskjer ikkje å gje opning for nye bygningar i naturreservatet utover det som går fram av framlegget til verneforskrift. For landskapsvernombrådet kan forvalnings-styresmakta gje løyve til oppføring av bygningar i samband med landbruk, turlagsverksemd, fjellstyra sin aktivitet og oppsyn. Sjølv om det vil vere ein høg terskel for å få løyve, har fylkesmannen vore og er positiv til at Lærdal fjellstyre skal få høve til å byggje ei fjellstyrehytte i statsallmenningen i landskapsvernombrådet. For andre nye bygningar må det føreliggje eit dokumentert behov, og nytten må overstige omsynet til naturmiljøet og verneverdiar.

DN syner til at hyttebygging vil kunne endre landskapet sin karakter, og føre til auka ferdsel i sårbare område. Det kan såleis redusere verdiane knytt til vilt og landskapsbilete. Det vil berre unntaksvis vere aktuelt å føre opp bygningar til andre føremål enn landbruk. DN syner difor til at det er mogleg å søke dispensasjon frå forbodet i forskrifa for slike tiltak. Husvære så som jakthytter, utleiehytter osb er ikkje

å rekne for husvære i landbruket. Det visast her til omtala av dette i Miljøverndepartementet sine retningslinjer til arealdelen av kommuneplanen, T-1225.

Miljøverndepartementet syner til verneforskrifta for naturreservatet, der forvalningsstyresmakta etter søknad kan gje løyve til oppføring av bygningar på gamle murar på den nedlagde garden Hausen (jf. § 5, punkt 2). Slik oppføring må skje i nær kontakt med kulturminnestyresmaktene. Skjøtsel og istandsetting av kulturminne, skal skje i samråd med kulturminnestyresmaktene. Når det gjeld avfallsdeponiet på Revsnes ligg dette utanfor reservatet og er eit anlegg som har eksistert i lengre tid. Departementet støtter Fylkesmannens ønskje om ikkje å gje opning for nye bygningar i naturreservatet utover det som går fram av framlegget til verneforskrift. Dersom det likevel er ønskje om å føre opp nye bygningar viser departementet til at det er mogleg å søke om dispensasjon etter § 6. Departementet sluttar seg elles til direktoratet.

6.6.12 Frønningen: Kommunikasjon og næringsutvikling

Fleire instansar er opptekne av busettad og næringsutvikling på Frønningen. Forutan lokale instansar gjeld dette Fylkeslandbruksstyret, Sogn og Fjordane Turlag, DNT og Norskog. Frønningen Grendalag, Lærdal kommune, Vilhelm Rumohr, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag tek opp at det er viktig at innbyggjarane på Frønningen får eit godt kommunikasjonstilbod med båt. Statleg støtte til dette vil vere eit rimeleg krav.

Fylkesmannen vil understreke at gode kommunikasjonar med båt vil vere svært viktig for innbyggjarane på Frønningen og Frønningensamfunnet si framtid, ikkje minst når det gjeld næringsutvikling. Det bør vere eit potensiale i å kunne nytte vernestatus og vonleg verdsarvstatus til å få fram naturkvalitetane Frønningen og naturen kring har, og slik dra nytte av ei målretta satsing innan kvalitetsturisme med m.a. overnatting, naturoppleveling og jakt. Fylkesmannen vil oppmøde statlege sentrale styresmakter om å medverke til at Frønningen også i framtida har minst like gode kommunikasjonar som i dag.

Landbruks- og matdepartementet seier at areala omkring Frønningen er viktige for framleis busetting og lokal verdiskaping i eit sårbart lite samfunn. Ut frå dei opplysningane departementet har fått er det lagt til rette for ei bred næringsmessig tilnærming på desse areala, der bla skogen knytta til eigedomene Frønningen er sentral.

DN viser til kommentarar ovanfor om næringsutvikling.

Miljøverndepartementet sluttar seg til direktoratet.

6.6.13 Verneforskriftenes struktur og behandling av søknader om tiltak i verneområda

Miljøverndepartementet syner til at vernevedtak etter naturvernloven legg rammene for forvaltninga av dei aktuelle områda. Der det er konflikt mellom verneforskrifta og anna lovverk går verneforskrifta foran. Det er ei forutsetning at forvalningsstyresmakta ved bruk av verneforskrifta kan regulere aktivitet som kan påvirke verneverdiar og verneføremål.

På grunnlag av verneverdiar, verneføremål og ulike interesser som er klarlagt gjennom sakshandsamingsprosessane, tas det i verneforskrifta for det enkelte området konkret stilling til hvilke aktiviteter som:

- er forbudt
- er tillatne
- kan tillates etter søknad

Ved eventuelle søknader om tiltak i eit verneområde må forvalningsstyresmakta konkret vurdere kva som kan vere tiltakets effekt i forhold til verneføremålet. Ei slik vurdering må foretas på bakgrunn av grunnlagsdokumentasjonen for verneplanen, eventuell ny kunnskap, og dokumentasjon vedlagt søknaden.

Miljøverndepartementet syner til at Fiskeri- og kystdepartementet meiner at verneforskriftenes struktur er uheldig, og at det tidligere er avklart mellom dei to departementa at verneforskriftenes struktur oppretthaldes inntil videre. Fiskeri- og kystdepartementet har spilt sin beskriving av problemstillinga inn til Biomangfold-lovutvalget. Departementa vil foreta ein felles gjennomgang av verneforskriftenes struktur bl.a. på grunnlag av utvalets vurderinger. Oppdrettsanlegg med synlege anlegg vil som regel komme i konflikt med verneføremålet. Havbeite utan synlege anlegg over overflata vil kunne tillates. Den generelle dispensasjonsregelen skal gje ein reell moglegheit til anna oppdrettsverksemnd når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

6.6.14 Anna

Kystverket peikar på mangel på logikk mellom to punkt for naturreservatet, som gjeld sjømerke og fortøyingspålar.

Fylkesmannen er samd i mangelen på logikk. Fordi det kan oppstå behov for fortøyingspålar, noko som ofte vil utgjere små inngrep i høve til nytten er desse punkta endra.

DN støtter fylkesmannen sin vurdering.

Miljøverndepartementet syner til at endringane dreier seg om § 4 punkt 12 og § 5 punkt 6 i forskrift for Bleia naturreservat. Kystverket foreslo å fjerne det opprinnelege forslaget til § 5 punkt 6 som var "*Istandsetjing og vedlikehald av eksisterande sjømerke og fortøyingspålar*". Fylkesmannen går inn for ei endring av punktet i staden for å fjerne det heilt (jf eksisterande forslag til § 5 punkt 6). Dette skyldes at det kan oppstå behov for oppsetjing av nye fortøyingspåler, noko som vil utgjere eit inngrep i reservatet. "Fortøyingspålar" er seinare blitt endra til "fortøyingsinnretningar" i forskrifta. Under punkt § 5 punkt 9 er teksten endra frå "*Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket*" til "*Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg og tilbygg til eksisterande anlegg for sikker ferdsel og navigasjon*". Departementet støtter elles fylkesmannen sitt forslag.

Miljøverndepartementet

tilrår:

Forskrifter om vern av Bleia naturreservat og Bleia – Storebotnen landskapsvernområde i Sogn og Fjordane fylke fastsettes i samsvar med vedlagte forslag (vedlegg 1 og 2).